

Søknad om tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV-kontoret for 2021

Kapittel 0621, post 63

Søknadsfrist **1. februar 2021**. Signer utfylt søknad og send han til fylkesmannen (statsforvaltaren) i fylket ditt. På fylkesmannen.no finn du kontaktinformasjon.

Når du søker for **første gong** skal alle punkta i søknadsskjemaet fyllast ut.

Ved **vidareføring** av tiltak fyller søkeren berre ut punkt 1, 2, 7, 12, 13, 14 med mindre det har skjedd endringar frå førre søknaden. Når vi vurderer ei eventuell vidareføring av tiltak, blir søknadsskjema, status- og økonomirapportering lagde til grunn.

1. Opplysningar om søker

NAV-kontor	
Postadresse	
Organisasjonsnummer	
Kontonummer	
Namn på kontaktperson	
Telefonnummer til kontaktperson	
E-post til kontaktperson	

2. Opplysningar om tiltaket

Namn på tiltaket Er namnet endra, skriv namnet frå søknaden i 2020 i parentes.	
Når starta tiltaket?	
Har det skjedd endringar sidan førre søknaden?	

3. Eigenvurdering av innhaldet i tiltaket vurdert ut frå regelverket for tilskotet og kunngjeringsa for 2021

	Nei (0)	Ja, i liten grad (1)	Ja, litt (2)	Ja, i stor grad (3)
Bidrar tiltaket til ein heilskapleg lokal innsats for å førebyggje og/eller redusere fattigdom og sosial eksklusjon?				
Bidrar tiltaket til individuell tilpassing og heilskapleg oppfølging?				
Bidrar tiltaket til å styrkje brukarmedverknaden og brukarorienteringa på system- og individnivå?				
Bidrar tiltaket til å utvikle nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer?				
Bidrar tiltaket til at kommunane får auka kunnskap om levekårsutfordringane og kompetanse til å løyse dei?				
Bidrar tiltaket til interkommunalt samarbeid?				
Styrkjer tiltaket førebyggjande arbeid?				
Bidrar tiltaket til tidleg innsats?				
Bidrar tiltaket til bruk av ordinært arbeidsliv?				
Bidrar tiltaket til oppfølging av barnefamiljar?				
Bidrar tiltaket til oppfølging av ungdom?				
Bidrar tiltaket til oppfølging av innvandrarar?				
Bidrar tiltaket til å sikre sårbare overgangar, som lauslating frå fengsel og mellom ulike tenester, skule og arbeidsliv?				

4. Kva ønskjer de å oppnå med tiltaket?

5. Gjer greie for tiltaket og kva for tenester som skal utviklast.

6. Gjer greie for kva som er nytt med måten det blir arbeidd på i tiltaket.

7. Plan for gjennomføring

Framdriftsplan:

Ressursbruk:

8. Forankring, implementering og gevinstrealisering

Beskriving av korleis tiltaket er forankra, og kva for planar som er laga for implementering og eventuelt gevinstrealisering. Les meir her om gevinstrealisering i prosjektrettleiaren til Difi: <https://www.prosjektveiviseren.no/god-praksis/viktige-tema-i-alle-faser/gevinster/gevinstrealisering-i-konseptfasen>

9. Gjer greie for målgruppa/målgruppene, kor mange som er målgruppa, og kor mange de trur vil få eit tilbod gjennom tiltaket.

10. Beskriv kva for utfordringar målgruppa/målgruppene står overfor lokalt, og kvifor dette tiltaket er nødvendig for denne gruppa. Bruk lokale kartleggingar, levekårsstatistikkar som data frå KOSTRA, statistikk frå barnefattigdom.no med meir.

11. Beskriv korleis de ønskjer å jobbe med fagutvikling i tiltaket.

Difi har laga ei oversikt over utviklingsverktøy – les meir her: <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/innovasjon/hvordan-jobbe-med-innovasjon/verktoy-og-metoder>

12. Beskriv korleis tiltaket er organisert, til dette høyrer forankring i kommunen/bydelen og styring.

13. Budsjett

Søknadssum til stilling	
Søknadssum til kompetanse	
Overførte midlar frå 2020	
Budsjettet elles for tiltaket	
Har de søkt om eller fått andre tilskotsmidlar for målgruppa? Dersom ja, oppgi tilskotsordning og beløpet de har søkt om eller fått.	
Ja takk, vi ønskjer å få invitasjon om å vere med i arbeidet med å prøve ut ulike modellar og verkemiddel. For meir informasjon sjå kunngjeringa for 2021.	

14. Underskrift

Vi stadfestar at opplysningane i søknaden er korrekte, og at vi er kjende med plikta vår om å melde frå om eventuelle framtidige endringar som kan ha noko å seie for vedtaket.		
Stad	Dato	rådmann
Stad	Dato	NAV leiar